

STUDIETUR SÜD-TIROL

1.-4. oktober 2017



Bakgrunn for turen

Bedrifter, organisasjoner og FoU-miljø i Sogn har teke initiativ til ei felles regional satsing på natur, helse og aktivitet: Naturleg Aktiv Næring Sogn. På studieturen til Süd-Tirol fekk ordførarar, rådmenn og næringssjefar sjå kvifor. Süd-Tirol har ei spesialisert jordbruksnæring, aktivitets- og helseretta turistnæring, tilrettelagde lokalsamfunn og samfunnsengasjerte bedrifter. Alt saman er samla under ei langsiktig regional satsing, strategisk samkøyring og felles profilering. Målet med turen var å læra av dei og få idear til korleis Sogn kan samla seg kring ei regional satsing på våre felles fortrinn.

Arrangørar var Sogn regionråd, Bratt moro, Vestlandsforsking og Sogn næring.

Deltakarar

Desse var med: Leiv Jarle Bergheim (Aurland), Kjellaug Ekse Brekkhus (Balestrand), Birgitta Hagen Kyrkjebø og Terje Søreide (Høyanger), Jon Håkon Odd og Odd Arve Rakstad (Leikanger), Ivar Kvalen og Olav Grov (Luster), Jan Geir Solheim og Arve Tokvam (Lærdal), Jarle Aarvoll og Torgeir Skålid (Sogndal), Olav Turvoll og Odd Rune Turvoll (Vik), Sandra Opheim, Olve Fosseid og Jorunn Nilssen (Årdal), Karina Nerland (Sogn regionråd), Yngve Hallen (Bratt moro), Ivar Petter Grøtte og Torkjel Solbraa (Vestlandsforsking) og Ståle Brandshaug (Visit Sognefjord).



Delegasjonen samla foran rådhuset i Bozen-Bolzano


Besøk til guvernøren i Süd-Tirol

Vi starta opphaldet med å møte den regionale politiske leiinga og styresmaktene i Süd-Tirol med guvernør Arno Kompatscher i spissen. Marco Papaloga, direktør for samfunnskontakt i provinsen, øvnste velkommen. Sjølvstyre omfattar kultur, opplæring, barnehage, sosiale tenester, samferdsle, transport, reiseliv, handel og industri, landbruk, sivilforsvar og naturparkar.

Alpeprovinsen Süd-Tirol ligg heilt nord i Italia og har 524 000 innbyggjarar. Dei står for 10 prosent av Europa sin epleproduksjon, produserer nokre av Italia sine beste kvitvinar, held liv i 4800 fjellgardar og får besøk av 7 millionar turistar kvart år. Satsingsområde no er «smart spesialisering» og omfattar særleg alpinknolog, energi og miljø, lokalmat, helse og IT og robotisering. Dei opna ein ny forskingspark i oktober 2017 som har 120 dekar. Dei har investert 100 mill euro i forskingsparken som skal utviklast vidare dei neste 15 år.

Det er om lag 22 000 gardsbruk i provinsen fordelt på 420 000 hektar. Bøndene har også ei viktig rolle som landskapspleiarar. Dei kombinerer landbruk om sommaren og skaktivitetar om vinteren. Regionen og utkantane har ingen nedgang i folketal.

5000 hektar med vindruer med omlag 20 forskjellige druetypar.
Dei satsar på kvalitet framfor kvantitet.



Møtetavla på rådhuset



Foto: Autonome Provinzen Bolzano-Bozen



Fakta om Süd-Tirol:

- * Süd-Tirol er den nordlegaste provinsen i Italia
 - * Innbyggjarar: 524 000
 - * Areal: 7400 km²
 - * Største by: Bolzano-Bozen 107 000 innbyggjarar
 - * Språk: Tysk, italiensk og latin
 - * 7 millionar turistar kvart år
 - * 31 millionar overnattingar
 - * 10 000 overnattingsstadar med 220 000 senger
 - * 400 hotell med fire stjerner
 - * 2800 km vegar
 - * 500 km sykkelvegar
 - * 369 gondolbaner
 - * 300 km jernbane

Økosystem for utvikling – IDM Südtirol

IDM økosystem er ulike bransjeklynger med etablerte bedrifter, oppstartsbedrifter, investorar og FoU-institusjonar. Økosistema skal styrke Süd-Tirol sitt næringsliv ved å auka innovasjonskompetansen til bedriftene gjennom felles prosjekt og innovasjonssamarbeid.

IDM står for innovasjon, utvikling og marknadsføring. Oppgåvene er næringsutvikling, innovasjon, teknologipark, reisemålsselskap, landbruk, bygdeutvikling og internasjonalisering. I praksis betyr dette at Süd-Tirol har slått saman alle kommunale næringsselskap i regionen, kunnskaps- og teknologipark, næringshagar og selskap tilsvarende Innovasjon Norge og Visit Sognefjord.

IDM forvaltar merkevarebygging og logoar for regionen, vidareutviklar desse og gjennomfører profilering nasjonalt og internasjonalt.


IDM sitt budsjett er 42 mill euro. Av dette er 32 mill euro finansiert av dei lokale offentlege styresmaktene (Autonome Provinz Süd-Tirol) og 10 mill euro av andre (EU-prosjekt og andre finansieringsordningar).



IDM sin tenketank og deira prioriteringar for forretningsutvikling

Cluster Ecosystems

value creation in clusters



Eksempel på deltagarane i eit «klyngje økosystem» i Süd-Tirol




Sabine Schnarf fortalte om økosystemet for helse og velvære som starta i 2009 og har 105 medlemsbedrifter.

Bedriftsklynga for helse og velvære i Süd-Tirol har gjennom langtids arbeid teke ein posisjon i europeisk reiseliv ved å satse på utvikling og bruk av dei naturlege alpine ressursane i regionen.

ECOSYSTEM HEALTH & WELLNESS

IDM
SÜDTIROL
ALTO ADIGE



Økosystemet omfattar 2000 bedrifter



IDM fremjer sal av kvalitetsprodukt frå Süd-Tirol



Spa med 32 kjelder med helsebringande vatn har ulike typar mineralar som gir ulike helseeffektar og profil.

Merkevara Südtirol – IDM Südtirol

IDM Südtirol arbeider for å næringsutvikling gjennom innovasjon, eksport og kvalitetsfokus innan landbruksprodukt og reiseliv.

Merkevara Südtirol er paraplymerket for produkt frå Süd-Tirol, og litt saman ulike sektorar som kollektivtransport, overnatningsbedrifter, landbruk og andre eksportvarer. Med over 3000 lisensierte produkt og bedrifter fungerer paraplymerket som ambassadør for heile regionen. Martin Bertagnolli fortalte om arbeidet med å utvikla merkevara Südtirol.



Felles paraplymerket for heile regionen



Noi-Techpark er ein forskingspark som opna i oktober 2017 og inneheld forskingsmiljø innan vintersport, energi, mat, IKT og robotisering

NOI TECHPARK STANDS FOR

IDM
SÜDTIROL
ALTO ADIGE

COMPANIES

FOOD

LIFE

WORK

NEW

TECHNOLOGY

NATURE

DYNAMIC

SERVICES

FUTURE

INNOVATION DISTRICT

ALPINE

PEOPLE

FUNDING

SIGNPOST

OPEN INNOVATION

INSTITUTIONS

KNOW-HOW

RESEARCH

GREEN TECHNOLOGIES

SOUTH TYROL

ICT & AUTOMATION


Lokalmat

Vi tok turen innom PurTirol som er spesialbutikk for lokalmat i Bolzano.



Bedriftsbesøk til Salewa Headquarter

Salewa sitt hovedkontor er blitt eit landemerke i Bolzano. I tillegg til sin spesielle arkitektur skal hovedkontoret til utstyrsprodusenten vere ein manifestasjon av deira samfunnsansvar knytt til miljø, arbeidstakrar, lokalsamfunn og utviklingsprosjekt i andre land. Vi vart møtt av deira Corporate Social Responsibility gruppe og fekk omvisning i bygget og innblikk i deira mål og strategiske grep for å bli noko meir enn ein internasjonal utstyrleverandør.



Vinproduksjon

Frå Salewa reiste vi til Arunda. Særskild gode veksttilhøve gjer at området er dominert av vinrankar, vingardar og vinslott. Kvalitetsvin vert produsert for den italienske og internasjonale marknaden. Og vin, velvære og rekreasjon blir til gode opplevingar i turistmarknaden.

På veg til Panoramapension Hotel Etschblick vart det stopp på vingarden Arunda wine cellar. Dei produserer den lokale «proseccoen», men bruker andre og betre druesortar enn normale proseccodruen.





500 km sykkelrute og 1 billett for alt



Informasjon før start



Sykkelkultur - Südtirol Rad

Südtirol har eit sykkelvegnett på 500 km som går gjennom alle hovuddalføra i regionen. Südtirol Rad er eit samarbeid mellom 20 ulike utleigefirma som til saman leiger ut 5000 syklar og 600 el-syklar i dei ulike landsbyene som ligg langs sykkelvegnettet. I samarbeid med kollektivtilbydarar tilbyr dei også Bikemobil-kortet, som gjer at besøkande kan hente og levere syklane på den utleigestaden som passer dei.

Vi fekk testa ut Bikemobil-kortet. Vi leigde el-syklar frå Mals og sykla gjennom Venostadalen til Latsch.

Underveis fekk vi oppleva eineståande sykkelvegar, kulturhistorie, aktivt jordbruk, landsbyar, utsalssstader og kulinariske opplevingar.




Tilhengar tilpassa for transport av utleigesyklar



Sykkelutleige i gammal togstasjon

Vinschger Bauernladen – spesialutsal for regional mat og drikke



Og alle var einige om at det hadde vore ein fin tur... Framover finst det mange spor å følgje for å utvikle regionen vår. Saman har vi potensial for verdiskaping og innovasjon knytt til den veksande marknaden for sunn livsstil. Historia vår, identiteten vår og ressursgrunnlaget vårt er på plass, no må vi sette det i system!



VESTLANDSFORSKING

 brattmoro



SOGN REGIONRÅD



sogn næring